

Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav for Austrheim, Fedje og Radøy kommunar, Hordaland.

Heimel: Fastsett av kommunestyre med heimel i lov 12. mai 1995 nr 23 om jord ( jordlova) § 3 og § 11 første ledd, jf forskrift 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer mv av organisk opphav § 23 tredje ledd

FOR-2003-07-04-951-§23 – forskrift om gjødselvarer (spreietidspunkt)

## **§ 1. Føremål**

Forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav i Austrheim, Fedje og Radøy kommunar har som føremål å hindre forureining til luft, vatn og vassdrag, gjennom å sikre at gjødsla blir utnytta best mogleg som ein ressurs for planteproduksjon.

Det er vidare eit mål å sikre at gjødsla disponerast slik at omsynet til det biologiske mangfaldet blir ivaretatt.

## **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta omhandlar all spreieing av gjødselvarer mv av organisk opphav som mellom anna husdyrgjødsel og silopressaft.

Forskriften omhandlar kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.

## **§ 3. Definisjonar**

Med vassdrag reknast alle elvar, bekkar, innsjøar og anna vassansamling som er vassførande heile året ved normale nedbørsmengder

## **§ 4. Forbod mot vass- og luftforureining**

Gjødselvarer av organisk opphav skal disponerast slik at det ikkje fører til forureining eller fare for forureining, eller på anna måte er i strid med omsyn nemnt i § 1.

## **§ 5. Spreietidspunkt**

Landbruksføretak med tilstrekkeleg spreieareal, kan spreie gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng og anna godkjent spreieareal i perioden 20. mars- 20. september men dog ikkje på snødekt eller frosen mark.

For all spreieing av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling i perioden 1-20. september, kan det maksimalt spreiest 2 kubikk/daa. Mot alle vassdrag og sjø skal det setjast att ei sone på minst 6 meter som ikkje skal gjødslast. Det blir rådd frå å spreie gjødselvarer mv. av organisk opphav på hellande mark mot vassdrag mv. og sjø i perioden 1. til 20. september.

Kommunen kan, på dei vilkår som er nemnt i forskrift av 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer mv av organisk opphav, gje løyve til spreieing med enkeltvedtak i perioden 15.februar- 20. mars og 20 september – 1. oktober.

## **§ 6. Dispensasjon**

I særlege høve kan kommunen gi dispensasjon frå § 5.

#### **§ 7. Forhold til andre lover og forskrifter**

Krav ut over denne forskrift som er sett i andre lover eller forskrifter må vere oppfylt.

#### **§ 8. Klage**

Enkeltvedtak gjort av kommunen etter denne forskrift kan klagast til fylkesmannen. Klagefrist er 3 veker etter mottak av vedtak. Klagen skal sendast via kommunen.

#### **§ 9. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks